

Badnajazz & UNGjaJAZZja!

Festivalen for, av og med born og unge



Voss er etterkvart kjend som ei bygd litt utanom det vanlege med eit oppkome av kreative sjeler og ei evne til å få til ting som vanlegvis berre skjer i byane. Vossa Jazz er ein av desse vellukka satsingane og me skriv festival nr 37 i år. Så kva skal til for å klara oppretthalda dei ulike institusjonane? Nye krefter og nye impulsar!

På Voss har born hatt sin eigen musikkfestival under Vossa Jazz; Badnajazz (badn er dialekt for born, for dei som måtte lura!) sidan 2002. Målet er at borna skal få tilgang og kjennskap til musikk dei kanskje ikkje høyrer til vanleg.



Det første eigne Badnajazz-tingingsverket stod Terje Isungset for, saman med born frå Voss. Borna på Voss statlege mottak er ei spanande gruppe å jobba med, slik som på fjorårets «Fargespill – fleire fargar på Voss». I 2010 er det Side Brok, under leiing av Runar Gudnasson, som er ansvarleg for Tingingsverket til Badnajazz. Dette er eit samarbeid med Haugesenteret i Ulvik, og tekstane er skrivne av born frå Voss og Ulvik, med inspirasjon frå Olav H. Hauge sine tekstar. Saman med Gudnason og Side Brok skal dei ha urpremiere søndag 28. mars på Voss – gjer deg klar til urban bygderap når hiphop frå Hovdebygda møter Olav H. Hauge!

I tillegg til å nytta tradisjonelle scener vert det arrangert utekonsert på Mølstertunet – Voss sin vakraste ”konsertsal” som ligg på ei slette, høgt og fritt, hundreogtretti meter over Vossevangen. Her kan alt skje: Kanskje vert det moro, kanskje vert det skummelt, kanskje vert det vakkert og heilt sikkert vert det musikk!



Paraden gjennom Voss sentrum er òg ei årviss hending med Voss skulemusikk og drilljentene i bresjen samt alle som vil, inkludert musikarane som deltek på festivalen.

Når ungane veks til har dei UNGjaJAZZja. Hausten 2007 starta Vossa Jazz si ungdomssatsing med fokus på ungdom og jazz/rytmisk musikk. Ut av dette har det vakse mykje aktivitet; tilbod om individuell- og samspelundervisning og høve til å spela konsert under Vossa Jazz, Jolajazz og Osafestivalen.

For å heidra dei som bidreg til dette fantastiske borne- og ungdomsmiljøet deler Vossa Jazz kvart år ut Badnajazzprisen og UNGjaJAZZja-prisen. Slike utmerkingar fungerer som ei gulrot meir enn hard konkurranse – det er kjekt å ha noko å strekkja seg etter. Og så er det kjekt å kunna markera alle dei gode tiltaka som gjer festivalen til det den er – ei botnlaus inspirasjonskjelde og reinspikka moro.

Det spirer og gror i jazzbygda: born + ungdom + jazz = sant!